

## På gamle og nye stigar innover åsen ...

Start frå Sjausetertjønn forbi Sjauseterstølen, som er ein gammal heimstøl til Gjel-dokk i Øvre Ål. Etterkvart får ein utsikt over Hallingskarvet. Dersom ein ynskjer ein kortare tur, eller ei tidleg matpause kan ein ta ein stopp ved Skarverasten. Her kan ein nyte utsikten frå benkane som står her, og tenne opp i bålpanna.

Stigen fortsett til den kjem inn på den gamle bufarvegen Fjellvegen (sjå tur 6.1). Fylg denne opp til snaufjellet ved Klovhovdun. Her skal du ta av frå Fjellvegen og følgje den gamle bufarvegen frå Rud i Kvinnegardslia. Når stigen nærmar seg Langlistølen kjem den inn på ein gammal kjerreveg frå Kvinnegardslia. Stigen er då merka til fellesfjøset på


Hevjanåsen som ligg ved bilvegen. Dette skal vera landets eldste fellesstøl, og den har vore i drift frå tidleg på 1950 talet.


Frå fellesfjøset ved Hevjanåsen kan ein ta same vegen attende, eller følgje bilvegen mot Kvinnegardslia. Etter 1.5 km kryssar denne Fjellvegen (tur 6.1), som kan følgjast attende til stigane møtast ved Klovhovdun.


Det er også fleire gamle stigar i området, og desse kan nyttast for å få til ein rundtur attende til utgangspunktet. Men desse er ikkje skilta og merka så turgåarar oppfordrast til å bruke kartet!





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50 000

 Følg skiltinga mot Kvinnegardslia. Ta av opp mot Primhovda.

 Parker etter vegen ved Sjausetertjønn.

 Sjausetertjønn–Hevjanåsen 6 km / Sjausetertjønn–Skarverasten 1,5 km

 Greie stigar. Noko bilveg om ein ynskjer å gå ein rundtur. Terrang 955 - 1075 moh.

 Ca 500 m nord for startpunktet ved Sjausetertjønn ligg ei Verperøys. Dette er ein haug av småstein som vart kasta saman av ferdefolk som har gått forbi. Desse vart til etter ei hending, ofte ei voldeleg som hadde skjedd i området. Folk "ofra" til røysa for å verne seg mot skrømt.

Nærmare Primhovda er det også lokalisert ein fangstlokalitet/bogastelle. Sjå kulturminnesymbol på kartet.

